



Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Rådhuset
Dato: 18.06.2026
Tid: Kl. 09:00 - 17:00

Følgjande medlem møtte

Anne Kristin Førde	AP
Frank Midtbø	AP
Herborg Hilde Eikeland	AP
Nils Jørgen Sagebø	AP
Elisabeth Birkeland Hatlenes	H
Harry Gulestøl	H
Jorunn Petrine Frøyen	H
Stig Bakke	KrF
Henny Margrete Hansen	SP
Magne Ivar Kjerpeset	SP
Vibeke Kjerpeset Os	SP
Øyvind Heimtun	SP
Leo Husabø Holm Cirotzki	SV
Norvall Klungresæter	U
Evy Merete Myklebust	V
Geir Magne Røys	V
Jeanette Kristiansen Grotle	V
Svein Arne Torvanger	V
Svein Olav Senneset	V
Kjell Sørland	VIP
Ole Marius Lien	VIP

Forfall meldt frå følgjande medl.

Camilla Landro	AP
Kristin Andrea Svanøe Hjelle	VIP

Parti

Følgjande varamedlem møtte

Leif-Erik Senneset	AP
Arnfinn Frøyen	INP

Parti

U VIP

Merknad:

Generalforsamling i Bremanger Eigedom etter møteslutt kst

Møtenotater:

Orientering:

Synfaring:

Underskrifter:

_____	_____	_____
_____	_____	_____

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
015/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/26	Orienteringssaker
017/26	Drøftingssak
001/26	Drøftingssak budsjettkonferansen
018/26	Referatsaker
019/26	Nye barnehagevedtekter
020/26	Innbyggjarinitiativ om vindkraft
021/26	Revisjon av prosjekthandboka - investeringsprosjekt
022/26	Godkjenning av rekneskap og årsmelding 2025 - Bremanger kommune
023/26	Tertialrapport 1- 2026

015/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 18.06.2026 vert godkjende slik dei ligg føre.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Desse endringane kom opp i møtet:

Sak 017/26 Drøftingssak vert flytta, skal handsamast som siste sak i møtet. Saka vert ikkje publisert.

Sak 019/26 vart trekt. Det er foreldreutval som ikkje har motteke høyringa. Skal handsamast i neste møte.

KST- 015/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i Kommunestyret den 18.06.2026 vart godkjende slik dei låg føre, med desse endringane:

Sak 017/26 Drøftingssak vert flytta, skal handsamast som siste sak i møtet.

Sak 019/26 vart trekt. Det er foreldreutval som ikkje har motteke høyringa. Skal handsamast i neste møte i kommunestyret.

016/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Orienteringssaker vert teke til vitande.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Ordførar har representert ved:

- Kulturskulen arrangement – Fruktsalat – alle kulturskuleelevane i kommunen fekk vise seg fram.
- Opning av Borgstova på Davik
- Davik oppvekst, 5. klasse har restaurert ei hytte, opning av den
- Sommarfest for Kalvåg oppvekst.
- Sommarfest for frivillige – middagskøyrar og turvennar.
- Svelgen omsorgssenter – samling med brukarane.
- Generalforsamling Kystvegen - Ny styreleiar – Stein Kvalsund.
- Generalforsamling Miljøvarme AS – Ny dagleg leiar Nils Jørgen Sagebø.
- Eigarmøte SFE – nytt styre. Godkjenning av årsrekneskapen.
- Odda i Ullensvang kommune– nettverksamling industrikommunar: Tema stadutvikling, attraktivitet, rekruttering og Grøn Region Vestland. Her har kommunane Bremanger og Kvam Herad samt Elkem sine fabrikkar i Svelgen og Ålvik har hatt dialogmøte med Vestland Fylkeskommune om mogleg etablering av

lokale hubbar for industriell symbiose etter Grøn region Vestland-modellen. Alle partar har signalisert att dette er ønskeleg å ta del i.

Bakgrunn:

- Grøn region Vestland er ei fylkeskommunal satsing som skal styrkje grøn omstilling, verdiskaping og berekraftig industriutvikling i Vestland. Ein sentral del av arbeidet er å utvikle lokale og regionale hubbar der industri, næringsliv, kommunar, kunnskapsmiljø og verkemiddelapparat samarbeider systematisk om:
 - betre utnytting av ressursar og reststraumar
 - nye verdikjeder og forretningsmoglegheiter
 - reduserte utslepp og meir sirkulære løysingar
- Ullensvang kommune er i fleire samanhengar peika på som ei kommune som har lykkast med Sommarjobb Ung, vi har i etterkant av nettverksamlinga teke kontakt med dei for utveksling av tips, og gode eksemplar på tilrettelegging for kommunale sommarjobbar.
- Næringsrådet ekstraordinært årsmøte – det nye styret fekk i oppdrag på det ordinære årsmøtet i februar å sjå på ulike modeller for drift av næringsrådet. Næringsrådet la fram tre ulike modeller for drift og konkluderte i ekstraordinært møte med å fortsette arbeidet etter det vedtektene seier. I praksis betyr dette at ein ikkje endrar på organisering av rådet, men ser det som særskild viktig å legge til rette for å samle næringa for drøfting av aktuelle saker som er viktig for dei lokale bedriftene. Rådet skal arbeide meir konkret med fire satsingsområder. Politisk påverking. Næringsareal for framtida. Dialog med næringslivet og kommunen. Nettverksbygging og samarbeid.

Rekrutteringsprosjektet ved Dag H. Nestegard.

- Sjå presentasjon som ligg i saka

Svein Arne Torvanger, V:

- Barnehagevedtektene – opptak ein gong i året med unntak når folk flyttar hit. Det er sett ein søknadsfrist. Meiner det hadde vore meir korrekt at det sto løypane opptak.

Kommunedirektør:

- Tek innspelet til vitande og tek det opp med oppvekst før ein skal handsame barnehagevedtektene i neste kst møte.

Ordførar:

- Bremanger kommune har, etter søknad, fått tilskot til fiskerihamn. Tilskotet skal nyttast til flytekai og bølgedempar. Har fått inntil 12,5 millionar kroner.

Geir Magne Røys, V: Stad skipstunell

- Det har vore jobba mykje med prosjektet.
- Innsatsgruppa med Elisabeth Hatlenes i spissen har gjort ein god jobb og sørgja for at saka snudde frå nei til ja. Dei har vore på Stortinget for å informere i saka.

KST- 016/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Orienteringssaker vsrt teke til vitande, med merknad til administrasjonen gjeldande søknadsfrist til barnehagane.

017/26: Drøftingssak

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Drøftingssaker vert teke til vitande.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Oppfølging av budsjettkonferansen i mai 2026. Dette er arbeidsmøte og vart ikkje strøyma.

KST- 017/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Drøftingssaker vert teke til vitande.

001/26: Drøftingssak budsjettkonferansen

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Gjennomgong av resultat av arbeidet på budsjettkonferansen.

KST- 001/26 Vedtak:

018/26: Referatsaker

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Referatsaker vert tekne til vitande.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Referatsak 19 Alarmsentralen :

Jorunn Frøyen; H: Ein ser at enkelte kommunar går ut av samarbeidet med Alarmsentralen. Vil dette få konsekvensar for Bremanger og kva alternativ er der ? Kva vil vi gjere om det er fleire som melder seg ut ?

Kommunedirektør : Det er korrekt at nokre kommunar har gått ut av Alarmsentralen og andre vurderer å gå ut. Kommunedirektørane i Nordfjordkommunane skal ha ein representant som mellom anna skal ha tilgang til styremøta, det er Tom Joensen som skal ha denne oppgåva. Det må sikrast at ein har stordriftsfordelar. Dette vert følgt opp, han kjem attende til kommunestyret med informasjon.

KST- 018/26 Vedtak:
Samrøystes vedtak:

Referatsaker vert tekne til vitande med merknad i referatsak 19: Kommunestyret ønskjer informasjon om Alarmsentralen.

019/26: Nye barnehagevedtekter

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak: Barnehagevedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Saka vart trekt. Det er foreldreutval som ikkje har motteke høyringa. Skal handsamas i neste møte i kommunestyret.

KST- 019/26 Vedtak:

Formannskapet 23.04.2026:

Handsaming:

- Det er ikkje kome merknader etter høyring

FSK- 042/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak: Barnehagevedtektene vert vedtekne slik dei ligg føre

020/26: Innbyggjarinitiativ om vindkraft

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek innbyggjarinitiativet til vitande.
2. Kommunestyret vedtek at innbyggjarinitiativet inngår som innspel i dei pågåande plansakene etter plan og bygningslova: Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og områderegulering Myklebustfjellet og Ramskredfjellet vindkraftverk.
3. Innbyggjarinitiativet blir behandla vidare innanfor rammene av dei ordinære planprosessane, herunder offentleg ettersyn, politisk handsaming og endeleg vedtak.
4. Initiativtakarane vert orientert om vedtaket og om vidare handsaming.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Innbyggjarinitiativ for folkeavrøysting om vindkraft, foreslått av Leo Husabø Holm Cirotzki, Sosialistisk Venstreparti
Kommunestyret seier ja til ei rådgjevande folkeavrøysting om vindkraft.

Dette kom fram i saka:

- SV, uavhengig representant, VI partiet og delar av Ap ynskjer folkeavrøysting
- Sp, Høgre, Krf, Venstre og delar av Ap ønskjer det ikkje
- Det at ein vil har folkeavrøysting er ikkje eit ja eller nei til vindmøller – det er rådgjevande
- Det vil komme fleire initiativ til utbygging av vindkraft i kommunen dersom ein seier ja til dei prosjekta som er i planprosess
- Det vart peika på at vi har ein gjeldande Samfunnsplan, sjølv om den er under rullering
- Eit argument for vindkraft er at verda har endra seg og vi treng meir kraft, men verda har også endra seg i syner på vindmøller og tap av natur
- Alle innbyggjarar får høve til å uttale seg om vindkraft under høyring når det gjeld dei to prosjekta som er i ein planprosess
- Det vart stilt spørsmål om ein kan ha ei folkeavrøysting når det kjem til den avsluttande handsaminga av vindmøllesakene. Kommunedirektør svara ut at det er ikkje tenkt.
- Nils Jørgen Sagebø, Ap bad om gruppeleiar møte
- Leo Cirotzki, SV, la fram eit nytt framlegg til vedtak

Det vart røysta for dei to framlegga til vedtak opp mot kvarandre.

Framlegg frå kommunedirektøren fekk 16 røyster:

Ap ved Anne Kristin Førde, Frank Midtbø og Leif Erik Senneset. Sp ved Magne Kjerpeset, Øyvind Heimtun, Henny Hansen og Vibeke Kjerpeset Os. Høgre ved Jorunn Frøyen, Harry Gulestøl og Elisabeth Hatlenes. Krf ved Stig Bakke, Venstre ved Svein Olav Senneset, Evy Merete Myklebust, Svein Arne Torvanger, Geir Magne Røys og Jeanette Kristiansen Grotle.

Framlegget frå Leo Cirotzki, SV sitt framlegg fekk 7 røyster.

Ap ved Nils Jørgen Sagebø og Herborg Eikeland. SV ved Leo Cirotzki. VI partiet ved Kjell Sørland, Ole Marius Lien og Arnfinn Frøyen. Uavhengige ved Norvall Klungresæter.

KST- 020/26 Vedtak:

Med 16 mot 7 røyster:

1. Kommunestyret tek innbyggjarinitiativet til vitande.
2. Kommunestyret vedtek at innbyggjarinitiativet inngår som innspel i dei pågåande plansakene etter plan og bygningslova: Rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel og områderegulering Myklebustfjellet og Ramskredfjellet vindkraftverk.
3. Innbyggjarinitiativet blir behandla vidare innanfor rammene av dei ordinære planprosessane, herunder offentleg ettersyn, politisk handsaming og endeleg vedtak.
4. Initiativtakarane vert orientert om vedtaket og om vidare handsaming.

021/26: Revisjon av prosjekthandboka - investeringsprosjekt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til justeringar i prosjekthandboka vert godkjend i samsvar med saksframlegget og endringar merka med rød tekst i vedlagd dokument.
2. Revidert prosjekthandbok vert distribuert til kommunestyret.

Vedtaks som innstilling frå Formannskapet - 28.05.2026

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til justeringar i prosjekthandboka vert godkjend i samsvar med saksframlegget og endringar merka med rød tekst i vedlagd dokument.
2. Revidert prosjekthandbok vert distribuert til kommunestyret.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Ordførar informerte i saka. Handlar om at de må avgjerast om det skal setjast ned styringsgruppe i ulike prosjekt. Takast opp i formannskapet i fyrste møte i året.

Svein Olav Senneset, V: På hausten bør ein ha tankar om kva prosjekt ein treng styringsgruppe i, administrasjonen bør også uttale seg om kva prosjekt dei meiner treng styringsgruppe. Ein går vekk frå beløpsgrense. Det skal leggjast vekt på prosjektet sin art og natur.

Leo Cirotzki SV: bra at ein er blitt tydleg på dette. Har vi pågåande prosjekt som treng endringar og vil det ha tilbakeverkande kraft ?

Kommunedirektør: ikkje pågåande prosjekt som får tilbakeverkande kraft. Kan vere at ein i neste fase i prosjekt må gjere desse vurderingane i samband med budsjetthandsaminga. Administrasjonen vil komme med anbefalinga. Kan komme prosjekt seint på året, så ein bør ta dette opp i formannskapet tidleg på året.

Leo Cirotzki SV: er det etablert nye rutinar slik at det blir lettare å følge opp prosjekthandboka.

Kommunedirektør – ein har no eit strengare regime.

KST- 021/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

1. Framlegg til justeringar i prosjekthandboka vert godkjend i samsvar med saksframlegget og endringar merka med rødt tekst i vedlagd dokument.
2. Revidert prosjekthandbok vert distribuert til kommunestyret.

Formannskapet 28.05.2026:

Handsaming:

FSK- 055/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Framlegg til justeringar i prosjekthandboka vert godkjend i samsvar med saksframlegget og endringar merka med rødt tekst i vedlagd dokument.
2. Revidert prosjekthandbok vert distribuert til kommunestyret.

022/26: Godkjenning av rekneskap og årsmelding 2025 - Bremanger kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Framlagd drifts-, kapital- og balanserekneskap i utskrift pr. 31.12.2025 blir fastsett som Bremanger kommune sin rekneskap for 2025.
2. Årsmelding for 2025, datert 31.03.2026, vert godkjend slik den ligg føre.
3. Disponeringane blir godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrifta pr. 31.12.2025.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Kommunedirektør informerte i saka. Presentasjon ligg ved.

KST- 022/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak :

1. Framlagd drifts-, kapital- og balanserekneskap i utskrift pr. 31.12.2025 blir fastsett som Bremanger kommune sin rekneskap for 2025.
2. Årsmelding for 2025, datert 31.03.2026, vert godkjend slik den ligg føre.
3. Disponeringane blir godkjend slik dei går fram av rekneskapsutskrifta pr. 31.12.2025.

023/26: Tertialrapport 1- 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Tertialrapport 1-2026 vert godkjend slik den ligg føre.
2. Netto inntekt vert justert slik:

Netto inntekt	Rekneskap 2026.4	Per bud 2026.4	Budsjettjust. 1. tertial	Budsjett 2026	Budsjett 2026 justert
Sum Kraft	(16 293 040)	(6 330 800)	(8 000 000)	(19 000 000)	(27 000 000)
Skatt	(58 568 830)	(58 569 877)	1 927 000	(150 600 000)	(148 673 000)
Rammeoverføring	(73 206 655)	(73 240 000)	(3 213 000)	(190 322 000)	(193 535 000)
Sum skatt og ramme	(131 775 485)	(131 809 877)	(1 286 000)	(340 922 000)	(342 208 000)
Eigedomsskatt	(12 971 785)	(13 500 000)	2 000 000	(54 000 000)	(52 000 000)
Kompensasjonstilskot PLO			87 000	(1 100 000)	(1 013 000)
Rentekompensasjon skuleanlegg			150 000	(400 000)	(250 000)
Intgreringstilskot	(4 877 117)	(4 067 432)	(1 000 000)	(12 000 000)	(13 000 000)
Vindkraft			-	(14 000 000)	(14 000 000)
Havbruksfondet			-	(20 000 000)	(20 000 000)
Sum gen. statstilskot	(4 877 117)	(4 067 432)	(763 000)	(47 500 000)	(48 263 000)
Flyktning Ukraina	838 886	499 800	500 000	1 500 000	2 000 000
Sum andre overføringer	838 886	499 800	500 000	1 500 000	2 000 000
Renter lån egne føremål	7 485 083	7 463 680	300 000	22 400 000	22 700 000
Rente startlån	775 369		100 000	1 500 000	1 600 000
Rentebytte avtale	2 949 310	2 409 796		5 000 000	5 000 000
Forsinkingsrenter	1 462				-
Hamn leige kai Kalvåg/Leirgulen				(740 000)	(740 000)
Renteinntekter	(916 405)	(1 166 200)		(3 500 000)	(3 500 000)
Rentebytte avtale	(402 827)				-
Renteinntekter startlån	(380 360)		300 000	(1 500 000)	(1 200 000)
Reduksjon gjeld Danske bank				(5 000 000)	(5 000 000)
Gevinst verdi Danske bank	(3 686 662)		-	-	-
Utbytte andre			(900 000)	(2 000 000)	(2 900 000)
Sum netto renter	6 044 630	8 707 276	(200 000)	16 160 000	15 960 000
Avdrag	2 256 570	2 457 002	-	19 804 000	19 804 000
Avsetning disp fond			2 599 000	20 044 000	22 643 000
Bruk av disp fond					-
Overf. Inv - ekap klp				1 500 000	1 500 000
Mva. komp. drift	(5 070 714)	(4 298 280)		(12 900 000)	(12 900 000)
Sum årsoppgjersdisp.	(5 070 714)	(4 298 280)	2 599 000	8 644 000	11 243 000
Sum netto inntekt	(161 848 056)	(148 342 311)	(5 150 000)	(415 314 000)	(420 464 000)

3. Netto drift vert justert slik

Netto utgift	Rekneskap 2026.4	Per bud 2026.4	Budsjettjust. 1. tertial	Budsjett 2026	Budsjett 2026 justert
Sentraladministrasjon	4 582 194	4 675 020		26 517 000	26 517 000
Stab og støtte	7 123 838	6 794 948			-
Pensjon	(625 163)	-		-	-
Deflator	-		500 000	11 500 000	12 000 000
Kyrkje	5 560 000	5 560 000		5 850 000	5 850 000
Sum Oppvekst, kultur og fritid	45 205 572	44 297 232	2 150 000	117 192 000	119 342 000
Sum Helse/omsorg	76 875 171	75 335 861	2 500 000	195 655 000	198 155 000
Sum Samfunn og utvikling	26 374 498	25 771 838	-	58 600 000	58 600 000
Sum netto utgift	165 096 110	162 434 899	5 150 000	415 314 000	420 464 000

4. Investering:

Forprosjekt Kalvåg kyrkjegard vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2026 med kr. 1 250 000,-. Prosjekt 2111, Svelgen oppvekst ras-/flaumsikring vert tilsvarande redusert frå kr. 9 000 000 til kr. 7 750 000,-.

Kommunestyret 18.06.2026:

Handsaming:

Nils- Jørgen Sagebø permisjon. Møtet sett med 22 personar.

Kommunedirektør orienterte i saka.

Presentasjon ligg ved i sak.

Dette kom opp i saka:

- Gravplass Kalvåg – alternativ til noverande planar. Alternativ har vore drøfta, men vert ikkje teke vidare. Noko av grunnen er at det vert utfordringar med fylkesvegen.
- Reguleringsplan Iglandsvik – reguleringsplan skal sendast ut
- Grotle ladestasjon – utfordring med å få nokre som kan drifte ladestasjonen.
- Servicebygg Grotle – grunnarbeid tek til hausten 2026. Bygging truleg våren 2027.
- Helsehus på Davik – ein bør nytteverdien av kva bygget skal nyttast til vekte høgare enn prisen ein får for bygget.
- Det vert jobba med sjukefråvær.

KST- 023/26 Vedtak:

Samrøystes vedtak

1. **Tertialrapport 1-2026 vert godkjend slik den ligg føre.**

2. **Netto inntekt vert justert slik:**

Netto inntekt	Rekneskap 2026.4	Per bud 2026.4	Budsjettjust. 1. tertial	Budsjett 2026	Budsjett 2026 justert
Sum Kraft	(16 293 040)	(6 330 800)	(8 000 000)	(19 000 000)	(27 000 000)
Skatt	(58 568 830)	(58 569 877)	1 927 000	(150 600 000)	(148 673 000)
Rammeoverføring	(73 206 655)	(73 240 000)	(3 213 000)	(190 322 000)	(193 535 000)
Sum skatt og ramme	(131 775 485)	(131 809 877)	(1 286 000)	(340 922 000)	(342 208 000)
Eigedomsskatt	(12 971 785)	(13 500 000)	2 000 000	(54 000 000)	(52 000 000)
Kompensasjonstilskot PLO			87 000	(1 100 000)	(1 013 000)
Rentekompensasjon skuleanlegg			150 000	(400 000)	(250 000)
Intgreringstilskot	(4 877 117)	(4 067 432)	(1 000 000)	(12 000 000)	(13 000 000)
Vindkraft			-	(14 000 000)	(14 000 000)
Havbruksfondet			-	(20 000 000)	(20 000 000)
Sum gen. statstilskot	(4 877 117)	(4 067 432)	(763 000)	(47 500 000)	(48 263 000)
Flyktning Ukraina	838 886	499 800	500 000	1 500 000	2 000 000
Sum andre overføringer	838 886	499 800	500 000	1 500 000	2 000 000
Renter lån egne føremål	7 485 083	7 463 680	300 000	22 400 000	22 700 000
Rente startlån	775 369		100 000	1 500 000	1 600 000
Rentebytte avtale	2 949 310	2 409 796		5 000 000	5 000 000
Forsinkingsrenter	1 462				-
Hamn leige kai Kalvåg/Leirgulen				(740 000)	(740 000)
Renteinntekter	(916 405)	(1 166 200)		(3 500 000)	(3 500 000)
Rentebytte avtale	(402 827)				-
Renteinntekter startlån	(380 360)		300 000	(1 500 000)	(1 200 000)
Reduksjon gjeld Danske bank				(5 000 000)	(5 000 000)
Gevinst verdi Danske bank	(3 686 662)		-	-	-
Utbytte andre			(900 000)	(2 000 000)	(2 900 000)
Sum netto renter	6 044 630	8 707 276	(200 000)	16 160 000	15 960 000
Avdrag	2 256 570	2 457 002	-	19 804 000	19 804 000
Avsetning disp fond			2 599 000	20 044 000	22 643 000
Bruk av disp fond					-
Overf. Inv - ekap klp				1 500 000	1 500 000
Mva. komp. drift	(5 070 714)	(4 298 280)		(12 900 000)	(12 900 000)
Sum årsoppgjersdisp.	(5 070 714)	(4 298 280)	2 599 000	8 644 000	11 243 000
Sum netto inntekt	(161 848 056)	(148 342 311)	(5 150 000)	(415 314 000)	(420 464 000)

3. Netto drift vert justert slik

Netto utgift	Rekneskap 2026.4	Per bud 2026.4	Budsjettjust. 1. tertial	Budsjett 2026	Budsjett 2026 justert
Sentraladministrasjon	4 582 194	4 675 020		26 517 000	26 517 000
Stab og støtte	7 123 838	6 794 948			-
Pensjon	(625 163)	-		-	-
Deflator	-		500 000	11 500 000	12 000 000
Kyrkje	5 560 000	5 560 000		5 850 000	5 850 000
Sum Oppvekst, kultur og fritid	45 205 572	44 297 232	2 150 000	117 192 000	119 342 000
Sum Helse/omsorg	76 875 171	75 335 861	2 500 000	195 655 000	198 155 000
Sum Samfunn og utvikling	26 374 498	25 771 838	-	58 600 000	58 600 000
Sum netto utgift	165 096 110	162 434 899	5 150 000	415 314 000	420 464 000

4. Investering:

Forprosjekt Kalvåg kyrkjegard vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2026 med kr. 1 250 000,-. Prosjekt 2111, Svelgen oppvekst ras-/flaumsikring vert tilsvarande redusert frå kr. 9 000 000 til kr. 7 750 000,-.

